



**DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Dykkar ref

Vår ref
16/781-

Dato
7. april 2017

Motsegn til konsesjon til Skallelva kraftverk, Halså kommune i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fremja motsegn til NVE sitt vedtak om konsesjon til Skallelva kraftverk. Grunna motsegna kjem saka til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd.

1. BAKGRUNN

Skallelva Kraft AS søkte om konsesjon til Skallelva kraftverk 21. februar 2011. NVE ga konsesjon til kraftverket 8. juni 2015.

Kraftverket er planlagt med inntak på kote 355 i Skallelva, og med overføring av Gammelseterbekken og Mellomelva frå høvesvis kote 365 og 360. Overføringane vil gå i ei røyrgate på 610 meter, og frå inntaket til kraftstasjonen er det planlagt ei røyrgate med lengd 1200 meter. Inntaket er tenkt utforma med ein tre meter høg og ti meter lang betongdam. Kraftstasjonen plasserast med utløp på kote 90, og bygningen er tenkt plassert i dagen. Kraftverket skal knytast til kraftnettet med ein 150 meter lang jordkabel.

Det er estimert ein årleg energiproduksjon på 2,9 GWh og ei installert yting på 1050 kW. Middelvassføringa i Skallelva er 100 l/s, og summen av middelvassføringa i dei to andre elvane er 100 l/s. Det er søkt om ei slukeevne på 480 l/s, som er 2,4 gonger den samla middelvassføringa. Søkar føreslår ei minstevassføring på 7 l/s i Skallelva og 7 l/s til saman i dei to andre elvane.

Søkar har estimert ein spesifikk utbyggingskostnad på 2,9 kr/kWh, noko NVE meiner er noko lågt. NVE kjem til ein kostnad på 4,5 kr/kWh.

Halsa kommune har ingen merknadar til søknaden. Møre og Romsdal fylkeskommune har heller ingen innvendingar til prosjektet. Fylkesmannen har motsegn til ei utbygging med inntak over fossesprøytsona. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal går mot å overføre Gammelseterbekken og Mellomelva og at inntaket vert plassert over fossesprøytsona. Istad Nett AS viser til at nettet har kapasitet til å ta mot produksjonen, men skriv at det kan bli naudsynt å forsterke nettet.

NVE meiner at fordelane med tiltaket er større enn ulempene. I vedtaket skriv NVE at den største ulempa er konsekvensane for fossesprøytsona og nedgravinga av røyrkata for overføringane. Likevel meiner NVE at minstevassføring og skånsam anleggsdrift vil gjere tiltaket akseptabelt.

2. MOTSEGNA

Fylkesmannen i Møre og Romsdal varsla i den ordinære høyringa motsegn til utbygginga, så lenge inntaksstaden vart lagd over fossen/fossesprøytsona på kote 300-290. Fylkesmannen takka nei til møte med NVE om motsegna, men har oppretthalde motsegna si i brev av 16. juni 2015.

3. DEPARTEMENTET SINE MERKNADAR

Konsesjon kan gjevast dersom fordelane med tiltaket er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser, jf. Vassressurslova § 25 fyrste lekken. Departementet vil drøfte dei merknadane i motsegna som er naudsynte for å grunngje avgjerda. Departementet kan også ta opp andre tilhøve som ikkje er tekne opp i motsegna.

Det avgjerande punktet for både NVE si vurdering og Fylkesmannen si motsegn er fossesprøytsona med fosseeng mellom kote 300 og 290. Departementet vil i hovudsak avgrense merknadane sine til dette.

Dette ville vore ei lita utbygging, og departementet legg til grunn at det ikkje er aktuelt å vurdere eit alternativ med inntak nedanfor fossesprøytsona. Ei slik løysing ville redusert fallhøgda med over 60 meter frå eit utgangspunkt på 265 meter.

I departementet sine retningsliner for små kraftverk vert det sett fram at naturtypar som er vurdert til å vere viktige (B) skal verdsetjast til middels verdi, og at utbyggingar som kjem i konflikt med slike verdiar må rekne med å få pålegg om tiltak som gjer verknaden av ei utbygging mindre.

I Naturbase er den aktuelle fosseenga klassifisert som viktig (verdi B), basert på miljø-rapporten som følgjer konsesjonssøknaden.

Fylkesmannen skriv i si høyringsfråsegn at dette er den einaste fossesprøytsona med fosseeng som er registrert på Nordmøre, og at han sidan dette då er ein sjeldan naturtype regionalt vel å

reise motsegn til at det vert gjeve konsesjon til tiltaket. Fosseeng er ført opp som nær truga i *Norsk rødliste for naturtyper* (2011).

NVE har i sitt vedtak pålagd utbygger å sleppe større minstevassføring enn søknaden legg opp til i Skallelva, medan det ikkje vert pålagd minstevassføring i dei to andre elvane.

NVE skriv i bakgrunn for vedtak (KSK-notat 61/2015) at prosjektet er planlagd med ei høg største slukeevne, noko som vil ta frå vassdraget mesteparten av den naturlege vassføringsdynamikken.

Departementet legg til grunn at førekomsten av fossesprøytsone med fosseeng i seg sjølv ikkje ville vore grunn til å avslå konsesjonssøknaden, så lenge konsekvensane kunne vore bøtt på med t.d. tilstrekkeleg minstevassføring. Likevel legg departementet vekt på at dette er ein naturtype som truleg er sjeldan regionalt, og at rapporten om biologiske mangfald seier at det beste for fosseenga er at ho ikkje vert fråført vatn.

Departementet har også lagt noko vekt på at fordelene ved utbygginga ikkje er stor, då det er liten produksjon. Departementet merkar seg at utbygginga har lita evne til å bere effektive avbøtande tiltak. Med den auka minstevassføringa som ligg i NVE sine vilkår til konsesjonen er begge dei to bekkane som overførast til Skallelva utan minstevassføring.

3.1 Tilhøvet til naturmangfaldlova

Prinsippa i naturmangfaldlova § 8-12 skal leggst til grunn som retningslinjer ved handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli påverka av ei utbygging.

NVE har vurdert og lagt vekt på prinsippa i naturmangfaldlova for offentlege avgjerder når dei har nytta skjønn og grunngjeve vedtaket sitt av 8. juni 2015. Departementet har gjort ytterlegare vurderingar etter naturmangfaldlova. Departementet meiner krava i naturmangfaldlova § 7 er oppfylte.

3.2 Oppsummering

Skallelva kraftverk ville bidrege med ein årleg produksjon av 2,9 GWh fornybar elektrisitet. Tiltaket ville også gjeve positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkar, grunneigarar og kommune.

Departementet meiner ei utbygging i tråd med NVE sitt vedtak vil gje for store negative konsekvensar for den registrerte fossesprøytsona med fosseeng. Dei negative konsekvensane tilseier at Skallelva kraftverk må få avslag på konsesjonssøknaden.

4. VEDTAK

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytten ved tiltaket er mindre enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for konsesjon er ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

Motsegna frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal vert teken til følgje. NVE sitt vedtak av 8. juni 2015 vert ikkje oppretthalde.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltingslova § 28, tredje leiken, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Håvard Hamnaberg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat
Skallelva Kraft AS